



Olje- og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMETET	
021 2351 - 69	
DATO - 5 MARS 2003	
AN	EKSP.
501V	

Dykkar ref.
02/2296 EV AT

Dykkar brev
29.11.2002

Vår ref.
311/PV

STRYN
03.03.2003

HØYRINGSSAK. ENDRING I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGS- REGULERINGSLOVA

Vedlagt følgjer Stryn Energi AS si uttale til saka.

Med helsing
Stryn Energi AS

Peder Verlo
Peder Verlo
-energisjef-

Vedlegg.

ADRESSE: Tinggata 3 Postboks 8 6781 STRYN	TELEFON: 57 87 36 00 TELEFAKS: 57 87 36 01 E-POST: postmottak@stryn-energi.no	BANK: Kreditkassen: 6557 05 02845 Sparebanken S. og Fj.: 3795 07 00611	ORG.NR.: 976 626 192 MVA INTERNETT: www.stryn-energi.no
---	---	---	---

Vedlegg	1	av:	1
Sak:	02/2351-69		

HØYRINGSSAK. ENDRING I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGSREGULERINGSLOVA

Stryn Energi AS har handsama Det Kongelige Olje- og Energidepartementet høyringssak vedk. endring i industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven og vil kome med flg. uttale til saka:

Stryn Energi AS kan ikkje gå inn for OED sitt forslag til endring av industriloven og vassdragsreguleringsloven slik høyringsdokumentet legg opp til. Dette ut frå etter vår meinings dei store negative konsekvensane det vil kunne få for norsk energipolitikk og eigarskap og dermed redusert styring av vår unike nasjonale resurs.

Stryn Energi AS går inn for KS sitt transaksjonsalternativ.

Dette fordi det innfrir ESA sitt krav til likestilling på eigarsida, samstundes som alternativet gjennom vektlegging av eigarskap, så langt er det beste alternativet for utvikling og styring av den norske energipolitikken. Stryn Energi AS sitt syn er forankra i:

* Infrastruktur.

Energiforsyning er infrastruktur og bør derfor styrast med samfunnsansvar og ikkje overlatast til frie marknadskrefter. Samfunnsansvar i oppdekning samanheng, tilseier styring. **Energisituasjonen vi er oppe i synleggjer at marknaden ikkje takler dette og at det må kome styringsverktøy med oppdekningsplikt. Dette i lag med andre tiltak for ein betre energipolitikk. Dette medfører mindre endring av energilova. No bør samfunnet ta ansvar og gjere dei grep som må til.**

* Lovutval

Å lage eit lovverk med perspektiv over ein 75 års periode er vanskeleg. Saka sitt omfang tilseier at ein må gå forsiktig fram. Ein støtter forslaget om å setje ned breitt samansett lovutval for å få ei grundig vurdering av saka.

* Monopolsituasjon.

Færre og større eigarar til produksjonsanlegg kan innebere ei utvikling med tendenser mot monopol på produsentsida og marknadsmakt for produsentane ved kraftsal. Mange eigarar og mangfold på eigarsida vil kunne gje betre marknadsfunksjon.

* Endring av konsesjonsgrense

OED sitt forslag til endring av konsesjonsgrensa i industrilova frå 1000 til 4000 naturhestekrefter er positiv for småskala kraftutbygging.

* Konsekvensanalyse.

Ut frå elementære krav om forsvarleg sakshandsaming, må konsekvensane av endringane analyserast og presenterast i eige konsekvensanalyse dokument. Vi kan ikkje sjå at OED sitt framlegg godt nok synleggjer konsekvensane ved endringane.

* Eigarskap.

Eigarstrukturen av kraftverk er hovudarena for styring og utvikling av vannkraft produksjonen i Noreg. Heimfall etter OED sitt utkast vil truleg medføre salspress og stort sal av offentleg eigde kraftverk verk, med dei konsekvenser det inneber. Stort eigarskifte vil truleg i hovudsak skje ved oppkjøp frå utlandet på grunn av tilgangen på kapital og investor interesse. Ei utvikling vi ikkje kan hindre om ein vel OED sitt alternativ.

Heimfall etter 75 år vil medføre at interesse for ny utbygging av samfunnsøkonomiske resursar minskar. Vilje til fornying og oppdatering av eksisterande anlegg vil verte redusert.

Det vert feil å nytte kapitaltilgang og kompetanse som argument for å få inn andre eigarar av produksjonsanlegg. Noreg som leiande vannkraft nasjon har både kompetanse og tradisjon i kraftproduksjon.

Feilslegen energipolitikk med få utbygningars og for svake incitament for rehabilitering av anlegg har derimot medført nedbygging av kompetanse på leverandørsida av vannkraft produksjonsanlegg.

Offentleg eigde produksjonsanlegg er distrikta og folket sin eigedom. Det vil vere feil utvikling om rammevilkåra for eigaraskap vert endra slik at ein vanskeleggjer framleis eigaraskap for dei som har skapt verdien. Kraftutbygging og produksjon er verdiskaping i distrikta. Verdien bør framleis kunne forvaltast der han vert skapt på eit effektivt og forretningsmessig grunnlag. Vi er redd for at eit lovverk etter OED sitt framlegg vil medføre at råderetten over norsk vannkraft i stor grad vil kome på utanlandsk eigaraskap om få år.

Det må ikkje vere eit mål i seg sjølv å omsetje kraftverk eller endre eigarstrukturen. Staten bør ha rolle som garantist for forvalting av råderetten og resursen.

Stryn Energi AS
24.02.2003